



Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/556 - 17/10280

Saksbehandlar:
Laura Ve
laura.ve@osteroy.kommune.no

Dato:
19.05.2017

Kunngjering av vedtak - 3. gongs høyring og offentleg ettersyn - Plansak 12532011003- Områderegulering Valestrand sentrum - Valestrand

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10 har Heradstyret i møte 29.03.2017 gjort vedtak om å leggja planframlegg ut til 3.gongs høyring og offentleg ettersyn.

29.03.2017 sakID 021/17 HERADSTYRET SI HANDSAMING:

«Framlegg til Områderegulering Valestrand sentrum, plannummer 12532011003, med føresegner, planskildring og plankart dagsett 24.02.2017, samt tilhøyrande vedlegg og med dei endringar som er vedtekne i møtet 29.03.17, vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova § 12-10».

Høyring - plandokument og tilhøyrande vedlegg

Alle plandokument kan [lastast](#) ned frå kommunen si [heimeside](#) (www.osteroy.kommune.no/kunngjeringar-planarbeid) eller via kommunen sitt planregister BRA-plan: [gå til planregister](#) (www.geoweb.no/braplan/)

1. [Saksutgreiing og vedtak HS-sak 021/17](#)
2. [føresegn_12532011003_Valestrand_områderegulering_20170224_framlegg_til_vedtak_3.gong](#)
3. [plankart_12532011003_områdeplan_Valestrand_20170224_framlegg_til_vedtak_3.gong](#)
4. [planskildring_Valestrand_områderegulering_20172024_framlegg_til_vedtak_3.gong](#)
5. [Motsegn - Statens vegvesen med vurdering og konklusjon](#)
6. [Merknadar_Valestrand_områderegulering_24.02.17_framlegg_3.gong](#)
7. [prosjektering veg BCDF_20160219](#)
8. [notat - endringar etter politisk handsaming i Heradstyret 29.03.2017](#)

Merknad til planen kan sendast inn via:

1. [elektronisk merknadsskjema](#)
2. e-post til post@osteroy.kommune.no (merk innsending med "Merknad områderegulering Valestrand 3.gong")

3. eller pr brevpost til Osterøy kommune, Rådhusplassen Hatland, 5282 Lonevåg (merk innsending med "Marknad områderegulering Valestrand 3.gong")

Merknadsfrist er sett til 30.06.2017.

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfrist.

Kunngjering om høyring og offentleg ettersyn er kunngjort i Bygdnytt og på kommunen si heimeside 19.05.2017.

Grunneigarar, lag og organisasjonar og offentlege instansar er direkte tilskrive.

Plandokument og vedtak er tilgjelgelege for gjejonsyn via på kommunen si heimeside/i kommunen sitt planregister og til gjennomsyn i servicekontoret på Rådhuset, samt på Osterøy bibliotek.

Spørsmål kan rettast til Osterøy kommune v/Plan.

Planen erstattar følgjande reguleringsplanar:

Plannr 504_55 - Fjæregarveriet, Reigstadåsen. Vedteken 19.06.1991

Plannr 504_66 – RV Parsell Kringastemma-Valestrand. Vedteken 06.11.2002

Plannr 504_47 - Øvre Eide. Vedteken 31.01.1991

Plannr 504_2 – Vardalen. Vedteken 05.10.1976

Plannr 504_56 - Valestrandsfossen Sentrum. Vedteken 23.03.1994

PlanID 504_ - Valestrandsfossen sentrum – reguleringsendring Fossen senter. Vedteken 15.02.2002

Det har ikkje kome merknadar på oppheving av desse reguleringsplanane. Ved vedtak av områdeplan for Valestrand vil ein difor innstille på å oppheve reguleringsplanane som er nemnt over.

I tillegg vil høyringsforslaget endre delar av detaljregulering for 504_68 Fossåsen (Bullaåsen) del av Gnr. 137, Bnr. 4 m.fl. ettersom storleiken på felt BBB02 er utvida til å verta lik areal på parsellen gnr. 137/ bnr. 14.

Kort historikk

Ved første gongs høyring og offentleg ettersyn framja Hordaland fylkeskommune motsegn til planen.

Fylkeskommunen er nøgd med endringane som var gjort etter første gangs høyring og har trekt si motsegn.

Trafikksikre løysingar og veg har vore ei ressurskrevjande oppgåve i planarbeidet. Ved andre gongs høyring og offentleg ettersyn framja Vegvesenet motsegn. Med utgangspunkt i motsegna framja av Vegvesenet har Osterøy kommune vore i dialogmøte med vegvesenet og fylkesmannen for å klarlegge og løyse punkta i planen som var vurdert som utilfredsstillande. I vidare samarbeid med Statens vegvesen har administrasjonen justert planen slik at motsegnspunkt no skal vere løyste. Grunna mellom anna naudsynte justeringar i planen knytt til motsegna frå Vegvesenet må framlegg til plan ut på høyring og offentleg ettersyn før den kan leggest fram for endeleg vedtak.

Utover motsegn frå Vegvesenet kom det inn 21 merknader ved andre gongs høyring og offentleg ettersyn i perioden 01.07 - 26.08.2016. Det er også gjort nokre justeringar i planen på bakgrunn av merknadane.

Ved politisk handsaming i Heradstyret 29.03.2017 vart det også vedteke nokre justeringar og endringar i planframlegget. Mellom anna planavgrensing (ved gbnr 137/14 - justering til parsell), byggehøgder (BBB02), avkjørslar (B13 og BBB02), og føremål på enkelt eigedomar vart endra. Sjå notat med endringar etter politisk handsaming for meir info, detaljar og løysingar etter vedtak.

Endringane er gjort greie for i saksutgreiinga, i merknadsskjema med rådmannen sine kommentarar og i notat med oversikt over endringar etter 3.gongs handsaming.

Med helsing

Laura Ve
seksjonsleiar plan og teknisk forvaltning

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.